



KSK-notat nr.: 57/2012 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Småkraft AS/Støylselva kraftverk		
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Flora		
Ansvarleg:	Øystein Grundt	Sign.:	
Sakshandsamar:	Silje Aakre Solheim	for Sign.:	
Dato:	06 NOV 2012		
Vår ref.:	NVE 200800818 – 32 ki/saas		
Sendast til:	Søkjar og alle som har uttala seg til saka		

Søknad om løyve til Støylselva kraftverk i Flora kommune i Sogn og Fjordane fylke

Innhald

Samandrag	1
Søknad	3
Høyringsuttalar	4
Tilleggsopplysningar	7
Søkjar sin kommentar til høyringsuttalane	8
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader	13
NVEs vurdering	17
NVEs konklusjon	26
Oreigning av rettar	26

Samandrag

Søknaden gjeld løyve etter § 8 i vassressurslova til bygging av Støylselva kraftverk, samt regulering av Langevatnet mellom kote 540,5 og 541,5, og handsamast etter reglane i kap. 3 i same lov. Det er vidare søkt om løyve etter energilova til bygging og drift av Støylselva kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer. Det er også søkt om samtykke etter oreigningslova § 2 til oreigning av nødvendige rettar for å regulere Langevatnet.

Småkraft AS har inngått avtale med grunneigarar med fallrettar om leige av desse. Det føreligg vidare avtalar med fem av ni grunneigarar i samband med regulering av Langevatnet, men ein har ikkje komme til einigheit med dei øvrige.

Flora kommune går inn for at NVE skal gje konsesjon til Støylselva kraftverk, til dels på visse vilkår. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane rår frå at det vert gjeve konsesjon som inneber regulering av Langevatnet. Ei utbygging utan regulering kan akseptast, men kraftstasjonen må flyttast ovanfor det registrerte elvemosesamfunnet. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at Støylselva kraftverk på visse vilkår får konsesjon. Sogn og Fjordane energi opplyser at det per i dag ikkje er kapasitet på nettet

for Støylselva kraftverk, men det er vurdert ulike alternativ for å finne ei løysing. Sogn og Fjordane Turlag er kritiske til det dei ser som ei knallhard utnytting av vassdraget. Dei går sterkt i mot ei regulering av Langevatnet. Advokatane Lothe og Mardal representerar nokre av dei involverte grunneigarane og viser til uvisse i høve fordeling av rettar.

Ei utbygging etter omsøkt plan vil gje om lag 8,4 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er ein produksjon som er vanleg for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer småkraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare år. Dei to siste åra har NVE klarert om lag 1,3 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. NVE meiner at så lenge desse interessene ikkje er av svært stor verdi eller dersom dei kan avbøtast i tilstrekkeleg grad gjennom vilkår, så kan tiltaket få konsesjon. Dei konsesjonsgitte tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk og på fornybar energi. Tiltaket vil gje varige inntekter til søkjar grunneigarar og kommunen.

Den viktigaste negative konsekvensen av ei eventuell utbygging vil etter NVE si meining vere redusert vassføring i Støylselva, noko som vil påverke fuktrevjande vegetasjon og artar. Dette vil vere spesielt negativt for den verdifulle elvemosevegetasjonen som inneheld vasshalemose (VU). Tiltaksområdet ligg også i eit område brukt til friluftsliv. Fysiske inngrep i landskapet kan påverke friluftsopplevinga negativt. Langevatnet vil bli negativt påverka av ei regulering og senking av vasstanden vil kunne syne godt i landskapet, spesielt i langgrunne område.

For å ivareta desse verdiane, samt generelle natur- og landskapsverdiar i området, meiner NVE at det må gjerast avbøtande tiltak. Det er viktig for den truga elvemosevegetasjonen og den sårbare arten vasshalemose at fuktregimet i elva vert som før. NVE meiner difor det er avgjerande at kraftstasjonen vert flytta frå kote 185 til om lag kote 350. Både av omsyn til landskapsverdiar og friluftsiinteresser, men i hovudsak for å ikkje påverke fuktregimet i vekstsesongen til vasshalemosen og resten av elvemosesamfunnet er det av stor betyding at Langevatnet ikkje vert regulert i perioden 01.05 – 30.09. Slepp av minstevassføring med storleik tilsvarende sesongmessig lågvassføring vil vere med på å oppretthalde noko av elva si verdi for biologisk mangfald. Ved å tilbakeføre vegen ovanfor ca. kote 525 til køyresterkt terreng, etter anleggsperioden vil ein avbøte noko for landskapspåverknaden og friluftsiinteresser knytt til Langevatnet. Produksjonen vil som følgje av desse avbøtande tiltaka verte ein god del redusert, til om lag 3,35 GWh/år. Kostnadane med prosjektet vil auke til i overkant av 3,6 kr/kWh. Dette er etter NVE si meining då framleis eit økonomisk gjennomførbart prosjekt.

Under føresetnad av at dei avbøtande tiltaka blir gjennomført meiner NVE at konsekvensane kan reduserast i ei slik grad at verknadane for allmenne og private interesser er akseptable.

NVE meiner at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Småkraft AS løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Støylselva kraftverk med utløp på ca kote 350 og til regulering av Langevatnet med éin meter delar av året. Løyvet vert gjeve på nærare fastsette vilkår.

NVEs vurdering og konklusjon etter oreigningslova

Småkraft AS har på søknadstidspunktet ikkje oppnådd minneleg avtale med 4 av 9 rettshavarar til Langevatnet, og søker difor om samtykke til oreigning av nødvendige rettar i samband med bygging av Støylselva kraftverk.

Ved søknad om samtykke til oreigning bør det på førehand ha vore forsøkt å oppnå minneleg avtale med den eller dei det skal eksproprierast rettar frå, jf. oreigningslova § 12, 2. ledd. I følge høyringsbrev frå advokat til grunneigarane det gjeld er NVE usikker på i kor stor grad det har vore forsøkt å komme til einigheit, men vi legg til grunn at det har vore noko kontakt utan at einigheit er oppnådd.

Dersom det skal gjevast samtykke til oreigning av rettar må tiltaket utvilsamt vere til større gagn enn skade, jf. oreigningslova § 2, siste ledd. Etter vårt syn er den samfunnsmessige gevinsten av den omsøkte reguleringa avgrensa. Etter dei opphavlege planane vil reguleringa gje eit tillegg i produsert kraft på om lag 1,2 GWh og enda mindre i den konsesjonen som er gitt. Ei utbygging bør finne stad i forståing mellom partane. Det kan vere fleire grunnar for å motsette seg ei utbygging, og etter vårt syn må dette tilleggast vesentleg vekt sidan ein ekspropriasjon er eit betydeleg inngrep i den private eigedomsretten.

NVE gjev ikkje samtykke til oreigning av grunneigarane sine rettar knytt til Langevatnet for gjennomføring av tiltaket, då kravet om at inngrepet tvillaust er til meir nytte enn skade for samfunnsinteressene etter vårt syn ikkje er oppfylt. Ei utbygging som inkluderar regulering av Langevatnet vil vere avhengig av at partane oppnår ein minneleg avtale.

Søknad

NVE har motteke følgjande søknad frå Småkraft AS, datert 23.01.2008:

"Småkraft AS ønsker å utnytte fallet i Støylselva og søker herved om tillatelse til følgende utbygging:

1. Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:

- å bygge Støylselva kraftverk*
- å regulere Langevatnet mellom HRV kt. 541,5 og LRV kt. 540,5.*

2. Etter energiloven om tillatelse til:

- bygging og drift av Støylselva kraftverk, med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinjer som beskrevet i søknaden.*

3. Etter oreigningslovens § 2, punkt 51 om samtykke til å ekspropriere nødvendige rettigheter:

- for regulering av Langevatnet som beskrevet i søknaden.*

Det opplyses at det er inngått avtale med berørte grunneiere med fallrettigheter om falleie. Det foreligger videre avtaler med fem av ni av de berørte grunneierne i forbindelse med reguleringen av Langevatnet, men det har ikke lyktes å komme til enighet med alle."

Støylselva kraftverk, hovuddata			
TILSIG		Med regulering	Utan regulering
Nedbørfelt	km ²	3,4	3,4
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	11,8	11,8
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	110	110
Middelvassføring	m ³ /s el. l/s	0,37	0,37
Alminneleg lågvassføring	m ³ /s el. l/s	0,014	0,014

KRAFTVERK

Inntak	moh.	541	541
Avlaup	moh.	185	185
Lengde på berørt elvestrekning	m/km	1700	1700
Brutto fallhøgde	m	356	356
Midlare energiekvivalent	kWh/m ³	0,80	0,80
Slukeevne, maks	m ³ /s el. l/s	0,75	0,75
Slukeevne, min	m ³ /s el. l/s	0,04	0,04
Tilløpsrøyr, diameter	mm	600	600
Tilløpsrøyr/tunell, lengde	m	1700	1700
Installert effekt, maks	kW el. MW	2,1	2,1
Brukstid	timar	4025	3450

MAGASIN

Magasinvolum	mill. m ³	0,24	
HRV	moh.	541,5	
LRV	moh.	540,5	

PRODUKSJON

Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	3,1	2,5
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	5,3	4,7
Produksjon, årleg middel	GWh	8,4	7,2

ØKONOMI

Utbyggingskostnad	mill.kr	20,0	20,0
Utbyggingspris	kr/kWh	2,4	2,8

Støylselva kraftverk, elektriske anlegg

GENERATOR

Yting	MVA	2,3
Spenning	kV	6

TRANSFORMATOR

Yting	MVA	2,3
Omsetning	kV/kV	6/22

NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)

Lengde	km	500
Nominell spenning	kV	22
Luftlinje el. jordkabel		jordkabel

Høyringsuttalar

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 26.10.2009 saman med representantar for tiltakshavar, grunneigarar, Flora kommune, Fylkesmannen og Sogn og Fjordane Turlag. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

NVE har motteke følgjande merknadar til søknaden:

Flora kommune ved utbyggingsutvalet går i brev av 02.04.2008 inn for at Småkraft AS skal få konsesjon for Støylselva kraftverk. Dei legg til grunn at NVE stiller vilkår som sikrar tilstrekkeleg kunnskap om elvemosesamfunnet og at dette vert teke vare på gjennom tilpassing av prosjektet. Som avbøtande tiltak vert auka minstevassføring og flytting av kraftstasjonen ovanfor moselokalitetane nemnt. Kommunen peikar på at det er negativt med bortfall av INON-areal. Dei framhevar også at det i dette prosjektet heller vil vere røyrgate og anleggsveg enn fråføring av vatn frå elva som vil ha konsekvens for landskapet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FM) uttalar i e-post av 09.07.2008 at dei ut i frå verknaden for allmenne interesser rår til at det ikkje vert gjeve konsesjon som inneber regulering av Langevatnet. Ei utbygging utan regulering vil gje betydeleg lågare konfliktnivå, mellom anna knytt til friluftsliv, landskapsverdiar og INON. Under visse føresetnadar meiner FM at ei utbygging utan regulering kan vere akseptabel i høve allmenne interesser. Av omsyn til biologisk mangfald føreset FM ei minstevassføring minimum tilsvarende 5-persentil vassføring sommar og vinter. Denne må aukast ytterlegare dersom ein gjennom nærare undersøking finn at elvemosesamfunna inneheld raudlisteartar som treng høgare minstevassføring. FM rår til at det vert utført ei kartlegging av mosesamfunna langs elva. Skulle det mot FM si tilråding verte gjeve konsesjon for regulering av Langevatnet bør ein setje vilkår om at vatnet skal haldast konstant på høgste regulerte vasstand i sommarhalvåret.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane kom i brev av 08.12.2009 med ein oppfølgjande uttale etter sluttsynfaring og tilleggsundersøking av elvemosesamfunnet. FM meiner ei utbygging som omsøkt vil vere i stor konflikt med den registrerte naturtypen elvemosesamfunn og den raudlista vasshalemosen. Dersom kraftverket skal byggjast må kraftstasjonen flyttast oppstraums det registrerte elvemosesamfunnet. For å sikre stabil vassføring i periodar med tørt vêr rår FM til at det ikkje vert gjeve konsesjon som inneber regulering av Langevatnet. Dersom det mot FM si tilråding vert gjeve konsesjon til regulering bør det setjast vilkår om at vatnet skal haldast konstant på HRV i sommarhalvåret. Dette for å unngå magasinering i tørrvêrsperiodar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune (FK) gjev sin uttale i brev av 08.09.2008. FK rår til at det vert gjeve konsesjon til kraftverk i Støylselva. Det vert oppmoda om at NVE stiller vilkår som sikrar at elvemosesamfunnet i elva vert teke vare på og at friluftslivsinteressene ikkje vert skadelidande. For elvemosen kan dette bety auka minstevassføring eller flytting av kraftstasjon. Ulemper for friluftsliv vil kunne avbøtast betydeleg ved å unngå den omsøkte reguleringa. FK minnar om undersøkingsplikt jf. § 9 i lov om kulturminne. Det er nyare kulturminne, som restar etter gardskraftverk og kvernhus. Desse kulturminna utgjer viktige element i landskapet langs vassdraget og for å hindre at desse vert skadelidande må Støylselva sikrast ei tilstrekkeleg minstevassføring. Det vert foreslått å ta vare på den gamle dammen i utløpet av Langevatnet. Det same gjeld uthuset ved planlagt kraftstasjon.

Statens Vegvesen har i brev av 09.04.2008 ingen merknader til prosjektet.

Sogn og Fjordane energi (SFE) som er områdekonsesjonær i området uttalar seg i brev av 07.04.2008 om nettilknytning for Støylselva kraftverk. SFE melder at deira distribusjonsnett fram til overliggande transformatorstasjon er fullt utnytta. Også Sunnfjord Energi har kapasitetsproblem i sitt overliggande nett. Det er vurdert alternativ for å kunne mate eventuell produksjon frå Støylselva kraftverk. Ei løysing kan vere nytt transformeringspunkt på Grov. Dersom det vert gjeve konsesjon og nettforsterkinga vert gjennomført, vil det bli kravd inn anleggstilskot etter gjeldande retningslinjer for at kraftverket skal få kople seg på nettet.

Sogn og Fjordane Turlag (SFT) gjev uttale i e-post av 14.04.2008. Det vert vist til at heile utbyggingsområdet ligg i eit regionalt viktig friluftsområde. Humlestølen er godt tilrettelagt og den største aktiviteten skjer her, men det vert også gått turar oppover til Langevatnet både sommar og

vinter. Sommarstien går langs elva. Flora Turlag har ein årleg skitur til Endestadnipa med start frå Humlestølen. På denne turen går ein også over isen på Langevatnet. Også turar med utgangspunkt frå Ramsdalsheia kryssar Langevatnet på ski om vinteren. Turlaget finn det lite sannsynleg at det ikkje vert fiska i eit lett tilgjengeleg vatn med halvkilos fisk.

SFT meiner ei utnytting av 87 % av all vassføring er knallhard, og at ein med dette kan seie ”takke og farvel” til elvemosen. NVE vert bedne om å redusere vassutnyttinga kraftig og vurdere på kva måte ein best kan gjere dette. SFT er sterkt i mot regulering av Langevatnet. Turlaget ønskjer ikkje ei skjemmaende reguleringssone rundt vatnet og auka risiko for overvatn og usikker is i skisesongen. Dei meiner også inntaket bør plasserast nedstraums vatnet slik at dette kan ligge urørt. Det vert presentert tre alternativ for inntak. Turlaget er positive til at røygata skal gravast ned og plasseringa av kraftstasjon er ok. Dei ber NVE vurdere behov for omløpsventil og elva sin verdi for fisk. SFT meiner det er positivt at anleggsvegen opp til inntaket skal nedgraderast til traktorveg, men endå betre hadde det vore å nedgradere til køyresterkt terreng, eller grøn traktorveg. Veggen bør avsluttast før den kjem heilt opp til vatnet. Som avbøtande tiltak meiner turlaget at minstevassføring på 14 l/s er altfor lite og at 5-persentil sesongvassføringar bør vere eit minimumskrav.

Turlaget konkluderar med at utbygginga er i klar konflikt med friluftsliv. Med føresetnad om at Langevatnet ikkje vert regulert og at inntaket vert lagt nedstraums vatnet vert konfliktnivået akseptabelt, og SFT ønskjer ikkje å gå i mot ei slik utbygging.

Sogn og Fjordane Turlag kom med ei tilleggsfråsegn 17.04.2008. Etter samtale med ein av grunneigarane har SFT komme til at inntak som dei skisserte i sitt alternativ 1 rett nedstraums Langevatnet vil føre til større inngrep enn eit inntak i sjølve vatnet. Turlaget vil heller gå for dette alternativet, men framleis utan regulering. Prioritering av inntaksløysinga er framleis alternativ 3 og 2 først, men deretter alternativet med inntak i vatnet.

Sogn og Fjordane Turlag kom i e-post av 13.11.2008 med ytterlegare tilleggskommentarar etter sluttsynfaringa. Det vert peika på at problem med overvatn på isen, som følgje av ei regulering, vil variere med vassføring i mildvårsperiodane i forhold til slukeevna til kraftstasjonen. Turlaget har erfaring med at isen losnar frå land og gjer vatnet uframkommeleg om lag 1 månad tidlegare på regulerte vatn enn på uregulerte. Sidan april er ein viktig skimånad i området er dette uheldig. I uttalen vert det også peika på ulike alternativ for konstruksjon av inntak. Turlaget ønskjer også at veggen dei siste 100 m opp mot vatnet vert fjerna fullstendig etter at anleggsarbeidet er avslutta. Det vert også vist til at anten må kraftstasjonen flyttast oppstraums elvemosesamfunna eller ein må auke minstevassføringa betrakteleg for å ta vare på denne vegetasjonstypen.

Advokatane Lothe og Mardal kjem i brev av 26.03.2008 med merknadar på vegne av nokre av dei involverte grunneigarane. Desse grunneigarane stiller seg positive til konsesjonssøknaden, men peikar på at det er noko uvisse i høve fordeling av rettar knytt til utbygginga. Spesielt gjeld dette eigedomstilhøva til Langevatnet. Grunneigarane som er representert her meiner dei har ein vesentleg større del av rettane enn det som er opplyst i søknaden. Dette skal avklarast innan rimeleg tid gjennom jordskifte. Årsaka til at desse grunneigarane ikkje har gjeve Småkraft AS sitt samtykke er at dei meiner forslaget om eingongskompensasjon som Småkraft AS har komme med ikkje er godt nok. Dei ønskjer heller ei langsiktig avtale om vederlag for den naturressursen dei stiller til disposisjon. Det vert peika på at manglande forhandlingsvilje hjå Småkraft AS må vere eit hinder for at det vert gjeve ekspropriasjonsløyve.

Tilleggsopplysningar

Samtidig med at NVE sendte over høyringsuttalane til Småkraft for kommentar, bad vi om ytterlegare undersøkingar av elvemosesamfunnet i vassdraget. Undersøkinga skulle utførast av ein uavhengig sakkyndig med tilstrekkelig kvalifikasjonar på fagfeltet. Vedkommande skulle også vurdere avbøtande tiltak som for eksempel behovet for minstevassføring. Bioreg AS gjennomførte feltarbeid 21.07.2008 og NVE mottok rapporten frå arbeidet 22.05.2009. I det følgjande refererer vi samandraget frå rapporten:

"Vurdering av verknader på naturmiljøet

Konsekvensvurderingane nedanfor bør sjåast i samanheng med Bøthun (2006) samt oppsummeringa sist i kap. 3. I den midtre og nedste delen av Støylselva er det ein ganske stor populasjon av den sterkt truga naturtypen, elvemosevegetasjon. I samband med ei undersøking av denne den 21. juli 2008 vart det også påvist ein raudlista moseart, vasshalemose som er vurdert som ein sterkt truga art, der dei viktigaste trugsmålsfaktorane er rekna å vera fluktuerande vasstand og vasskraftutbyggingar (småkraftverk) generelt.

Naturverdiar. Innfor undersøkingsområdet, som i dette tilfelle gjeld Støylselva og nærområdet frå Humlestølen ned til den planlagde kraftstasjonen, er det avgrensa og verdisett eit område som er viktig for elvemosevegetasjon, samt habitat for ein raudlista mose som er rekna som sterkt truga. Andre vegetasjons- og naturtypar er ikkje vurdert i denne tilleggsrapporten.

Samla verdivurdering av den undersøkte elvestrekninga for temaet her, som omfattar elvemose og anna mosevegetasjon innan utbyggingsområdet inkludert influensområdet til tiltaket vert difor av oss vurdert som stor.

Omfang og verknad. Fordi både elvemosevegetasjon og den raudlista mosearten er særskjenslevare for fluktuerande vasstand og vassdragsreguleringar generelt, så vil tiltaket gje stort negativt omfang for påviste naturverdiar. Det er mest for sjølve elva og elvestrengen, samt nærområda (5 — 10 m til kvar side) at tiltaket vil medføre særleg stort negativt omfang for mosevegetasjonen generelt og for elvemosevegetasjonen spesielt. Verknaden av det planlagde tiltaket vert vurdert å verta svært stor/stor negativ for dei kartlagde naturverdiane i området.

Avbøtande tiltak

Diverre veit ein lite om tålegrenser kva gjeld uttørking av ymse mosesamfunn. Dette er tilfelle både for elvemosevegetasjon og den sterkt truga mosearten, vasshalemose. Sidan den sistnemnde mosen er rekna som særskjens sårbar overfor vassdragsendringar og fluktuerande vasstand, så må ein gå ut frå at alle inngrep i denne elva innan det aktuelle området, vil vera risikofaktorar som svært truleg vil medføre at lokaliteten for vasshalemose og kanskje også elvemosevegetasjon vil gå tapt. Det einaste aktuelle avbøtande tiltaket vi då kan sjå, er å flytta kraftstasjonen oppstrøms dei verdifulle lokalitetane, dvs, i området om lag 50 m nedanføre vegen som fører fram til Humlestøl (om lag på kote 350.)"

NVE mottok 30.12.2010 eit tillegg til rapporten som var oppdatert etter norsk raudliste av 2010. I hovudsak tok dei nye vurderingane utgangspunkt i at vasshalemose i den nye raudlista er nedgradert frå sterkt truga (EN) til sårbar (VU). Bioreg nedgraderar no den samla verdivurderinga av nedre del av utbyggingsområdet frå stor verdi til middels verdi. Omfanget vert nedgradert frå stort negativt omfang til middels/stort negativt omfang. Verknad av tiltaket på naturverdiane er redusert frå svært stor/stor negativ verknad til middels negativ verknad på naturverdiane. Det er også inkludert auka minstevassføring som eit avbøtande tiltak i staden for flytting av kraftstasjonen.

Søklar sin kommentar til høyringsuttalane

Søklar har i brev av 22.05.2009 kommentert dei innkomne høyringsuttalane slik:

"Bakgrunn

Vi viser til brev datert 09.07.08 der dere ber om Småkrafts kommentarer på mottatte høyringsutsagn vedrørende konsesjonssøknaden for Stølselva kraftverk i Flora kommune i Sogn & Fjordane fylke. Vedlagt ligger også tilleggsundersøkelse av elvemosesamfunnet som bedt om.

Vi har mottatt høyringskommentarer fra følgende:

1. Flora kommune
2. Fylkesmannen i Sogn & Fjordane (utsatt til 9. mai - Bård Ottesen)
3. Sogn og Fjordane Fylkeskommune
4. Grunneierne rundt Langevatnet representert ved Advokatene Lothe & Mardal
5. Statens Vegvesen, region vest
6. Sogn & Fjordane energi AS (SFE)
7. Sogn & Fjordane turlag (SFT)

Flora kommunes kommentarer:

1. Flora kommune går inn for at Småkraft AS vert gjeve konsesjon for å bygge ut Stølselva kraftverk
2. Flora kommune syner til saksutgreiinga og legg til grunn at NVE stiller vilkår som sikrar tilstrekkeleg kunnskap om elvemosesamfunnet og at naturtypen den vert bekrefta i monaleg grad vert teken vare på gjennom tilpassing av prosjektet.

Småkrafts kommentarer:

1. Småkraft er glad for at Flora kommune er positivt innstilt til bygging av Stølselva kraftverk.
2. Miljørapporten anbefaler en slipping av minstevannføring av hensyn til det fuktkrevende mosesamfunnet, fisk og ferskvannsbologi. Småkraft ønsker i tillegg å endre minstevannføringen fra alminnelig lavvannsføring 14 l/s hele året, til 5-persentilen, 3 l/s sommer og 56 l/s vinter for å ta godt vare på den truede vegetasjonstypen og sikre den for fremtiden. Vannføringen er tilpasset vekstperioden til vasshalemose. Det vil gi et produksjonstap på 0,85 GWh og en ny utbyggingspris på 2,65 og 3,15 kr/kWh. I tillegg kommer et restfelt (vann som kommer til nedstrøms inntaket, og som ikke går til kraftverket) som gir en gjennomsnittlig vannføring på hele 140 l/s nede ved kraftstasjonen.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordanes (FSF) kommentarer:

1. FSF mener gevinsten ved å regulere Langevatnet ikke forsvarer de allmenne interessene i området. Fjellområdet Ramsdalheia - Blånipa er med i Fylkesdelplan for arealbruk som viser viktige regionale og nasjonale friluftsområde i Flora kommune. Humlestølen blir brukt som utgangspunkt for turer til Langevatnet sommer og vinter.
2. Det er uheldig at inngrepsfrie naturområder blir redusert ved utbygging. Reduksjonen blir mindre ved ikke å regulere Langvatnet.
3. Fylkesmannen vil tilrå at det utføres en kartlegging med særlig vekt på moser. Det bemerkes også at 5 persentilen er mer i tråd med miljøbasert vannføring enn alminnelig lavvannsføring.

4. *Kraftstasjonen må lydisoleres slik at den tilfredsstiller myndighetskrav. Jfr T-1442.*
5. *Utbyggingen forventes å gi positiv betydning for næringsgrunnlaget for de gardsbruka som er delaktig i realiseringen av kraftverket.*
6. *Tilråding:*

Ut i frå verknaden for allmenne interesser, vil Fylkesmannen rå til at det ikkje vert gjeve konsesjon som inneber regulering av Langevatnet. Dersom utbygginga skjer utan ei regulering av Langevatnet er konfliktområdet monaleg mindre. Fylkesmannen meiner prosjektet under visse føresetnader er akseptabelt med tanke på dei allmenne interessene dersom Langevatnet vert teke ut av planen.

Av omsyn til biologisk mangfald føreset vi at det vert sett vilkår om ei tilstrekkeleg minstevassføring heile året:

1. *det må vera minstevassføring minimum 5 -persentil vassføring sommar og vinter*
2. *dersom nærmare undersøkingar viser at elvemosesamfunna inneheld raudlista artar og/eller at moseartane treng høgare minstevassføring enn 5- persentil, må dette ivaretakast gjennom pålegg om større restvassføring.*
3. *dersom det mot Fylkesmannen si tilråding vert ei utbygging med regulering av Langevatnet bør det setjast vilkår om at vatnet skal haldast konstant på høgste regulerte vasstand i sommarhalvåret (1. mai- 31. oktober).*

Småkrafts kommentarer:

1. *Småkraft har vært i kontakt med grunneierne og det kommenteres at turområdet innover fjellet er lite brukt om vinteren. Ved Humlestølen har grunneier gitt areal og vært med å opparbeide lysløype og parkeringsplass. Lysløypen er flittig brukt av privat personer og lag og det vil være urimelig at grunneiers tidligere positive bidrag til friluftsinnteresser/allmennheten blir brukt imot tiltaket ved utnytting av elven som en inntektskilde.*
Islegging på vatnet blir lite endret fra eksisterende forhold da 1 meter regulering tilsvarende den naturlige reguleringen av vatnet. Hele rørtraseen er tenkt nedgravd og vil bli lite synlig etter revegetering.
2. *I og med at Langevatnet har en naturlig regulering på 1 meter og ikke defineres som tyngre inngrep, vil inntakskonstruksjonen være førende for inngrepsfrie naturområder.*
3. *Det er utført tilleggsundersøkelse for kartlegging av moser. Se egen kommentar for dette.*
4. *Det er i hovedsak støy fra ventilasjon og støy fra utløpskanal. Kraftstasjon vil oppfylle de myndighetskrav som settes til lyd. Detaljer for dette vil bli gjort i detaljprosjektering.*
5. *Småkraft er enig i at utbyggingen er betydelig positiv for involverte grunneiere. Det er også betydelige ringvirkninger for utbyggingen i nærmiljøet, lokalt næringsliv, handelsnæring samt skatteinntekter.*
6. *Småkraft er uenig i å ta ut regulering av Langevatnet i prosjektet, jfr tidligere kommentarer vedrørende naturlig regulering av Langevatnet. For minstevannføring vises det til pkt 2 i kommentar til Flora kommune.*

Sogn og Fjordane fylkeskommunes (SFF) kommentarer:

1. *SFF mener at det kan være konflikt i forhold til det biologiske mangfoldet og friluftsliv, men at det likevel på bakgrunn av utredningen til søknaden er mulig å få til en utbygging som er akseptabel, samtidig som den er lønnsom for utbygger. Elvemosevegetasjonen bør utredes ytterligere.*
2. *Området er vurdert til å ha ett potensial for automatiskfreda kulturminne. SFF mener utbygger må få krav om at tiltakshaver gjennomfører undersøkingsplikten sin, jf § 9 i Lov om kulturminne. Det må sikres at Støylselva får en minstevannføring slik at kulturminner av nyere tid, (kvernhus, demning i Langevatnet) ikke blir skadelidende. Vegfremføring, anleggsveg, fra Humlestølen og frem til Langevatnet må fjernes etter at utbygging er ferdig.*
3. *SFF mener at regulering av Langevatnet vil være konfliktfylt. 1 meter regulering vil gjøre område mindre attraktivt for skiturer. Jf uttale fra Sogn og Fjordane Turlag. Alternativ B (uten regulering av Langevatnet) vil trolig ikke komme i konflikt med friluftsjnteressjer.*
4. *Kraftverket vil generere inntekter til Flora kommune og vil indirekte kunne trygge/styrke bosetningen og næringsgrunnlaget generelt.*
5. *SFF konkluderer i sin utredning at Støylselva kraftverk bør kunne bygges med krav som gir en vannføring som sikrer elvemosevegetasjonen. Dette kan gjøres ved å flytte kraftverk eller å øke minstevannføring.*

Vedtak fra Sogn og Fjordane fylkeskommune:

1. *Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at Småkraft AS får konsesjon til å bygge kraftverk i Støylselva.*
2. *Fylkeskommunen oppmoder NVE til å stille vilkår som sikrer at elvmosesamfunnet i elva vert teke vare på og at friluftsjnteressjene ikkje vert skadelidande, jamfør saksutgreiinga.*

Småkrafts kommentarer:

1. *Småkraft er glad for at Sogn og Fjordane fylkeskommune er positivt innstilt til bygging av Støylselva kraftverk.*
2. *Viser til kommentar under pkt.2 til Flora kommune.*

Grunneierne rundt Langevatnet representert ved Advokatene Lothe & Mardal

1. *De grunneierne som Advokatfirmaet representerer stiller seg positive til søknaden da de ser en positiv effekt for næringsgrunnlaget i bygden og for fremtidig bosetting. De kan heller ikke se at det skulle kunne knyttes nevnte negative virkninger av noe slag til den påtenkte utbyggingen.*
2. *"Opplysningane i saken s. 15 om eigarparten for henholdsvis gnr. 64 og mine partar i Langevatnet er såleis neppe rette, idet mine partar nok har ein vesentleg større andel enn angjeve i saken. Dette vil imidlertid verte avklara grunneigarane imellom innan rimeleg tid, idet mine partar har teke ut krav om jordskifte for slik rettsavklaring."*
3. *"Grunneigarane kjenner seg aldeles avviste, idet dei ikkje har funne forslaget frå Småkraft AS om eingongskompensasjon godt nok. ... få eit årleg bidrag som ein del av det totale næringsgrunnlaget for gardsbruka sine, ... Konklusjonen er at mine partar ser*

positivt på at utbyggingsløyve vert gjeve også til regulering av Langevatnet, men at det i denne omgang ikkje vert gjeve ekspropriasjonsløyve. Først må det først reelle forhandlingar basert på eit vederlag i form av årlege erstatningar."

Småkrafts kommentarer:

- 1. Småkraft AS er glad for at grunneierne rundt Langvatnet er positive til en utbygging av Støylselva kraftverk.*
- 2. Småkraft er kjent med at Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett den 06.11.08 har fastsatt grense i utmarken (stølsmarken, Langevatnet). Kart ligger vedlagt.*
- 3. I denne søknaden er det 9 grunneiere. 5 av grunneierne har signert kontrakt med Småkraft AS. De resterende 4 har bekreftet skriftlig at de ikke har noen innvendinger mot selve reguleringen, men at de ikke har akseptert størrelsen på den kompensasjonen som er tilbydd. Småkraft har tilbudt grunneierne langs Langvatnet å tiltre avtalen basert på den merverdi dette vil gi prosjektet. Dette er avslått fra grunneiernes side. Småkraft søker om ekspropriasjonstillatelse for å gjenoppta den gamle reguleringen av Langevatnet med inntil 1,0 meter.*

Statens vegvesens kommentar:

- 1. Vi har ingen merknader til søknaden om løyve til bygging av kraftverk eller ekspropriasjon for reguleringa av vatn.*

Småkrafts kommentar:

- 1. Småkraft registrer kommentaren.*

Sogn & Fjordane Energis (SFE) kommentarer:

- 1. Vi ser no at vi treng litt meir tid for å utgreie moglege løysingar for å handtere frå det aktuelle området. ... Eit alternativ, som i så fall vil bli vurdert, er å etablere eit nytt transformeringspunkt på Grov, for å legge til rette for innmating av ny produksjon her. Grov er i dag eit sentralnettspunkt. ... gjerast forsterkning av 22 kV linja mellom Grov og kraftverksområdet.*
- 2. Dersom kraftverket får konsesjon, og nettforsterkning vert gjennomført, vil det bli kravd inn anleggstilskot etter gjeldande retningslinjer for at kraftverket skal få kople seg til nettet.*
- 3. I tillegg til eventuell nettforsterkning som nemnt, må kvart kraftverk ha si separate avgreining fra SFE sitt nett med høgspekt brytaranlegg og transformator. Dette vil vere kraftverket sin eigedom og er ikkje med i kostnadsoverslaget over. SFE nett har som oftast bygt slike nettilkoplingsanlegg på kommersielle vilkår for kraftverket i vårt konsesjonsområde.*

Småkrafts kommentarer:

- 1. Ved en ev. konsesjon, vil Småkraft videreføre dialogen med SFE om mulige tilknytingspunkt. Småkraft ser positivt på at SFE ser på ulike muligheter og dermed leter etter det beste alternativet for begge parter.*
- 2. Småkraft er innstilt på at det vil bli krevd et anleggsbidrag etter gjeldende retningslinjer.*

3. *Småkraft har på alle sine kraftverk blokkoblet generator og transformator samt høyspent apparat anlegg med effektbryter, måle felt på høyspent side. Detaljer på el-anlegg vil bli oversendt ved en ev. konsesjon.*

Sogn og Fjordane Turlags (SFT) kommentarer

1. *Vi er sterkt mot både regulering av Langevatnet og å ha inntaket direkte i Langevatnet. Vi meiner at inntaksdammen og inntaket bør plasserast nedstrøms Langevatnet. ... For friluftslivet vil ei slik regulering vere spesielt uheldig i skisesongen, fordi ein vil få overvatn på isen. ... føresetnad av at Langevatnet ikkje vert regulert og at inntaket vert lagt til ein eller annan stad nedstrøms vatnet, reknar vi ikkje konflikten som så stor at vi ønskjer å gå mot utbygginga. Konfliktnivået vert då akseptabelt. Som alt nemnt, meiner vi at inntaket bør flyttast til nedstrøms Langevatnet. Vi har 3 alternative framlegg. ... alternativ 2 eller 3 er sterkt ønskjelege.*
2. *Inntaket/dammen bør "kamuflerast" ved bruk av farga betong og/eller naturstein.*
3. *Det er positivt at røyrkata skal gravast ned. ... rydda godt opp så sprengsteinen ikkje vert liggande spreidd rundt i naturen, ...*
4. *Kraftstasjonen: Sett frå vår synsstad, er plasseringa OK.*
5. *Det er bra at kraftlina skal leggst i kabel frå kraftstasjonen til tilknytningspunktet.*
6. *... minimum minstevassføring bør vere å sleppe "5-persentil sommervannføring og 5-persentil vintervannføring". Slepping av 14 l/s heile året vert altfor lite!*

Småkrafts kommentarer:

1. *Småkraft mener det er synd at SFT er imot ei regulering av Langevatnet samt inntak i samme høyde. Dette er vurdert til å være to gode plasseringer for inntak til Støylselva kraftverk. Eksisterende inntaksterskel fjernes og erstattes av en betongterskel. Småkraft har søkt om tillatelse til å legge inntaket på kote 541,5 eller 541 dersom det blir gitt konsesjon for regulering av Langevatnet. Ved å legge inntaket lenger ned, eksempelvis kote 500 og kote 415, vil det gi en produksjon på 6,2 GWh og 4,5 GWh med en utbyggingspris på 3,15 og 4,11 kr/kWh. Til tross for kortere rørgatetrase vil dette føre til at prosjektet gir liten gevinst i forhold til kostnadene. Ved en ev. regulering, vil en kunne øke produksjonen med 1,2 GWh. Alle vann som er regulert er ulike og en kan vanskelig generalisere og holde seg til en regel. I snitt er isen trygg å gå på i regulerte vann dersom den er mer enn 10 cm tykk. 1 meter regulering vil heller ikke ha stor påvirkning på isforholdene. Det vil fremdeles være mulig å gå over vannet vinterstid til tross for en ev. regulering. Dette er Hamlagrøvannet i Voss kommune et eksempel på.*
2. *Det vil i detaljeringsfasen tas stilling til hvordan farge og utseende på inntaket blir.*
3. *Flott å høre at SFT er positive til vårt valg av rørgate. Vi skal som alltid passe på å rydde, revegetere etter beste evne.*
4. *Vi er enige i at det er en god plassering av kraftstasjonen.*
5. *Småkraft ønsker å benytte jordkabel i forbindelse med tilkoblingen til eksisterende nett. Dette vil bli endelig avgjort etter at Sogn & Fjordane Energi har valgt endelig tilkoblingsalternativ for Støylselva kraftverk.*
6. *Vi viser til kommentar nr. 2 under Flora kommune.*

Tilleggsundersøkelse mose/lav:

På bakgrunn av skriv fra NVE er det utarbeidet en tilleggsrapport på lav/mose i Støylselva. Rapporten er utarbeidet av Bioreg AS.

I rapporten konkluderes det med funn av naturtypen elvemosevegetasjon og rødlistearten vasshalemose. Vasshalemose er definert som (EN), sterkt truet. Elvemosevegetasjonen er bl.a. sårbar for sur nedbør og er derfor rødlistet som sterkt truet på Sørlandet og Vestlandet. Støylselva ligger i utkanten av det område som er mest påvirket av slik nedbør. Ved tidligere målinger har det vært konstatert noe påvirkning. Nyere målinger viser at forhold vedrørende sur nedbør har bedret seg vesentlig. Rapporten ligger vedlagt i sin helhet.

Den del av elven som har den rike elvemosevegetasjonen er i området eller nedstrøms område der grunneier har kalket og gjødslet dyrket jord. Det er stor sannsynlighet for at dette har forbedret forhold for vegetasjonen i elven. Ved et eventuelt opphør av landbruksdrift vil vekstforhold for vegetasjon i elven således bli forringet. All utbygging er et inngrep som vil gi en konsekvens for miljø. Det synes urimelig at grunneieres pliktoppfyllelse skal virke negativt inn på deres mulighet for å videreføre landbruksdrift i kombinasjon med småkraftverk. Småkraftverk tilfører grønn energi og vil være en medvirkende faktor for opprettholdelse av fremtidig landbruk.

Det er stor usikkerhet knyttet til hvor mye redusert vannføring som vasshalemose trenger for å opprettholde arten. På bakgrunn av innspill til søknaden og funn gjort i tilleggsundersøkelsen vil Småkraft endre minstevannføring til 5-persentilen. Dette utgjør 3 l/s vinter og 56 l/s sommer. Støylselva er en typisk flomelv der det er betydelig større vannmengde i sommerhalvåret (vekstperioden). For å øke kunnskapen tilbyr Småkraft (dersom det blir aktuelt å bygge kraftverk) å foreta undersøkelse av vasshalemosebestanden i Støylselva før utbygging og noen år etter. Dette vil gi nyttig informasjon ved senere utbygginger. Eventuelt undersøkelsesprogram vil bli fastsatt ved detaljprosjektering i samråd med fagkyndig.

Det er i tilleggsrapporten nevnt at kraftstasjon bør flyttes til ca kote 350. Dette er ovenfor de kommenterte moselokaliteter. Prosjektet vil gi en produksjon på 4.3 GWh og en utbyggingspris på 3.1 kr/kWh (m/ 1 meter regulering av Langevatnet). Uten regulering vil prosjektet gi en produksjon på 3.7 GWh og utbyggingspris på 3.6 kr/kWh. Prosjektet vil bli betydelig forringet ved å endre kraftstasjonsplassering.

Ny planlagt høyspentlinje mellom Ørskog og Fardal vil krysse nedre deler av Støylselva og vil være sterkt visuelt synlig i området.

Totalsett mener Småkraft utbygging av Støylselva som vist i konsesjonssøknad er et godt prosjekt der de positive konsekvenser oppveier for de negative."

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader**Om søkjar**

Tiltakshavar for Støylselva kraftverk, Småkraft AS, er eit produksjonsselskap etablert for å byggje ut småkraftverk i samarbeid med grunneigarane. Småkraft AS er eigd av fire selskap i Statkraftalliansen: Skagerak Energi, Agder Energi, BKK og Statkraft.

Om søknaden

Småkraft AS søker etter vassressurslova om løyve til å byggje Støylselva kraftverk, samt løyve til å regulere Langevatnet mellom kote 540,5 og 541,5. Vidare vert det søkt om løyve etter energilova til å byggje og drifte Støylselva kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer. Det vert også søkt etter oreigningslova om samtykke til oreigning av nødvendige rettar for regulering av Langevatnet.

Kraftverket vil nytte eit fall på 356 m. Inntaket er planlagt på kote 541. Det er planlagt ein installert effekt for kraftverket på 2,1 MW, noko som vil gje ein gjennomsnittleg årsproduksjon på 8,4 GWh. Utan den planlagde reguleringa vil den årlege middelproduksjonen vere på 7,2 GWh.

Utbygging av Støylselva kraftverk og regulering av Langevatnet krev konsesjon etter vassressurslova § 8. Konsesjon kan berre gjevast dersom fordelane med tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser som vert påverka i vassdraget eller tilhøyrande nedbørfelt, jf. vrl. § 25.

Skildring av området

Støylselva kraftverk er planlagt i Flora kommune i Sogn og Fjordane. Elva startar i utløpet frå Langevatnet og renn saman med Ramsdalselva før den har sitt utløp i Svarthumlevatnet, om lag 10 km nordvest for tettstaden Naustdal.

Kraftverket vil utnytte eit nedbørfelt på 3,4 km². Høgste og lågaste høgdekote for nedbørfeltet er høvesvis 885 og 541 moh. Langevatnet utgjer 7 % av nedbørfeltet sitt areal.

Eksisterande inngrep i vassdraget

Det ligg ei hytte, eit sel og ei båtbu ved Langevatnet. Ved utløpet av vatnet ligg restar etter ein gammal terskel som tidlegare vart nytta i samband med kraftproduksjon og kvern i Støylselva. Langs Støylselva fins restar etter to kraftverk og fleire kvernhus der eitt er i relativt god stand. Elva renn også gjennom område med gardar og jordbrukspåverka landskap. Ved den planlagde kraftstasjonstomta går gamle rv 5 forbi.

Teknisk plan

Reguleringar

Det er søkt om å regulere Langevatnet med 1 m. Langevatnet ligg på kote 541 og den omsøkte reguleringa medfører 0,5 m heving til kote 541,5 og 0,5 m senking til kote 540,5. Det fins i dag restar etter ein gammal terskel i utløpet frå vatnet. Denne skal erstattast av ein betongdam. Den nye dammen er planlagt å bli 6-7 m lang og 1,5 m høg. Magasinvolumet er rekna til å vere 0,24 mill. m³.

Inntak

Inntakskonstruksjonen vert plassert ca. 10 m vest for dammen. Denne vil bestå av 2 vangemurar med inntaksrist og bjelkestengsel. Trykkrøyet må dukkast ca. 1 m under LRV for å sikre tilfredsstillande driftsforhold i kraftverket. Ein reknar med å sprengje ein ca. 15 m lang innløpskanal ut i Langevatnet.

Røyrgate

Vassvegen vil få ei total lengde på om lag 1700 m. Røyrret får ein diameter på 600 mm og skal gravast ned på vestsida av elva heile vegen. Det må påreknast ein del sprenging ved legging av røyrgate. Anleggsområdet er berekna til å verte om lag 30 m breitt. Nedstraums Humlestøl vil røyrtraseen gå parallelt med eller i eksisterande traktorveg.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen er omsøkt plassert på kote 185, like ved gamle rv 5, på vestsida av elva. Storleiken på bygget blir ca. 60-70 m². Arealbehovet for stasjonen, inkludert riggområde, vert om lag 2 daa.

Kraftstasjonen vil få ei installert effekt på 2,1 MW. Turbinen vil ha maksimal slukeevne på 0,75 m³/s og minste slukeevne på 0,04 m³/s. Generatoren får yteevne på 2,3 MVA og spenning på 6 kV. Transformatoren skal ha yteevne på 2,3 MVA med omsetning på 6 kV/22kV.

Elektriske anlegg

Det er to trafoar som er aktuelle for tilkopling av kraftverket. Ein ved inngangen til tunellen, den andre ved den nedlagde bomstasjonen. Begge ligg om lag 500 m frå planlagt kraftstasjon. Sogn og Fjordane Energi Nett AS er områdekonsesjonær. Dei opplyser at nettkapasiteten i området er svak og det vil vere behov for ei forsterking før tilkopling av eit ev. Støylselva kraftverk er aktuelt.

Vegar

Det skal etablerast ein midlertidig anleggsveg langs heile røyrgatetraseen. Etter ferdigstilling skal anleggsvegen frå Humlestølen og opp til inntaket nedgraderast til ein 800 m lang permanent traktorveg for å sikre tilkomst til inntaket. Nedanfor Humlestølen skal eksisterande traktorvegar reetablerast i den grad dei vert øydelagde av anleggsarbeida. Som tilkomst til kraftstasjonen er det behov for 10 m ny veg.

Massetak og deponi

Eventuelle massar som vert til overs etter graving og sprenging i røyrgatetraseen skal mellomlagrast og nyttast til istandsetting. Det er lite eigna massar i anleggsområdet og ein må få tilkøyrte omfyllingsmassar frå eksisterande massetak i nærleiken.

Hydrologisk grunnlag

Kraftverket nyttar eit nedbørfelt på 3,4 km² ved inntaket og middelvassføringa er berekna til 0,37 m³/s. Avrenninga varierer gjennom året og flaum kan skje til alle årstider, men med ei overvekt om hausten. Lågaste vassføring opptre gjerne om vinteren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 56 og 3 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 14 l/s. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til 0,75 m³/s og minste slukeevne 0,04 m³/s. Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring på 14 l/s heile året. I følgje søknaden vil dette medføre at 87 % av tilgjengelig vassmengde vert nytta til kraftproduksjon.

Produksjon og kostnader

Søkjar har berekna gjennomsnittleg kraftproduksjon i Støylselva kraftverk til ca. 8,4 GWh fordelt på 3,1 GWh vinterproduksjon og 5,3 GWh sommarproduksjon. Byggjekostnadane er estimert til 20 mill. kr. Dette gjev ein utbyggingspris på 2,4 kr/kWh.

NVE har kontrollert dei framlagte berekningane over produksjon og kostnader. Vi har ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søkjar sine berekningar. Det vil likevel vere søkjar sitt ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønnsmda i prosjektet.

Arealbruk og eigedomsforhold

Det er behov for areal til både permanente og midlertidige anlegg. Midlertidige anlegg vert tilbakeført når arbeidet er avslutta. Det største arealbehovet kjem som følgje av røytraseen og anleggsveg, som

vil gjere bruk av eit areal på 50 daa. Noko av dette vert tilbakeført etter ferdigstilling, men ein del vert liggande som traktorveg. I tillegg vil dam, reguleringssone, kraftstasjon og lagerplass legge beslag på 14 daa.

Småkraft AS har inngått avtale med grunneigarar i samband med mesteparten av arealet. Ein har ikkje komme til einigheit når det gjeld regulering av Langevatnet.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

Utbyggingsområdet er i Flora sin kommuneplan avsett som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område). Ved ein ev. konsesjon må tiltakshavar difor kontakte kommunen for å avklare arealbruken i forhold til kommuneplanen sin arealdel.

Samla plan (SP)

Støylselva kraftverk vil ikkje påverke Samla Plan prosjekt.

Verneplan for vassdrag

Støylselva er ikkje med i verneplan for vassdrag.

Inngrepsfrie område (INON)

Ei utbygging av Støylselva vil føre til ein reduksjon av inngrepsfri sone 2 (1-3 km frå tyngre tekniske inngrep) med 1,03 km². Sidan ei regulering under 1 m ikkje er å rekne for tyngre tekniske inngrep vil tapet av INON-område vere uavhengig av om Langevatnet vert regulert eller ikkje.

Nasjonale laksevassdrag

Vassdraget er ikkje lakseførande og ikkje blant dei nasjonale laksevassdraga.

Verknader av tiltaket - fordelar og skader/ulemper

Nedanfor har vi gjeve ei oversikt over kva NVE ser som dei viktigaste fordelane og skadane/ulempene ved den planlagde utbygginga:

Fordelar

- Prosjektet vil i følgje søknaden gje ca. 8,4 GWh i årleg fornybar energiproduksjon.
- Tiltaket vil styrkje næringsgrunnlaget for tiltakshavar og grunneigarar, og bidra til lokal verdiskaping.

Ulemper

- Ei utbygging vil medføre redusert vassføring i Støylselva.
- Ei regulering av Langevatnet vil medføre endra vasstandsvariasjonar i vatnet, noko som vil påverke landskapsopplevinga ved vatnet og kunne gje redusert framkomst på isen om vinteren.
- Tiltaket vil påverke område der det er gjort registreringar av truga vegetasjonstype og raudlista art.

NVEs vurdering

Det er søkt om konsesjon for bygging av Støylselva kraftverk i Flora kommune og løyve til å regulere Langevatnet med 1 m. Inntaket i Støylselva skal liggje ved utløpet frå Langevatnet på kote 541. Kraftstasjonen er planlagt på kote 185.

Flora kommune er positive til prosjektet så lenge NVE ser til at det vert teke tilstrekkeleg omsyn til elvemosesamfunnet. Fylkesmannen vil ikkje rå til konsesjon der regulering av Langevatnet er inkludert. Dei ser det også som ein føresetnad at kraftstasjonen må flyttast ovanfor elvemosesamfunna langs elva. Fylkeskommunen rår til at det vert gjeve konsesjon til Støylselva kraftverk. Også dei oppmodar NVE om å sjå til at elvemosesamfunna vert sikra. I tillegg viser dei til at eit prosjekt utan regulering vil vere mykje mindre konfliktfylt når det kjem til friluftsliv. For å avbøte konsekvensen for kulturminne langs elva ber dei om tilstrekkeleg minstevassføring. Sogn og Fjordane Energi har per i dag ikkje ledig kapasitet i distribusjonsnettet. Sogn og Fjordane Turlag er kritiske til prosjektet av omsyn til store friluftslivsinteresser i området. Dei kjem med innspel på plassering av inntak og meiner ei regulering av Langevatnet er uakseptabelt. Dei ønskjer at vegen ikkje går heilt opp til vatnet, og viser også bekymring for elvemosesamfunna langs elva. Advokatane Lothe og Mardal på vegne av berørte grunneigarar er positive til konsesjonssøknaden, men peikar på uvisse kring eigedomstilhøva langs Langevatnet. Dei er ikkje fornøgd med Småkraft AS sitt tilbod om kompensasjon og viser til manglande forhandlingsvilje hjå desse. Dei meiner dette må vere til hinder for å gje samtykke til oreigning av rettar.

Hydrologiske verknader av utbygginga

Det planlagde prosjektet Støylselva kraftverk har eit nedbørfelt på $3,4 \text{ km}^2$ ved inntaket og middelvassføringa er berekna til $0,37 \text{ m}^3/\text{s}$. Maksimal slukeevne er sett til $0,75 \text{ m}^3/\text{s}$ noko som utgjer vel 200 % av middelvassføringa. I eit år med avrenning lik gjennomsnittet vil det vere overløp over dammen 52 dagar, og 5 dagar der vassføringa er lågare enn minste slukeevne. I og med at det er planar om regulering vil vatnet i slike høve verte lagra i magasinet og berre minstevassføring vert sleppt frå vatnet. Tal dagar med overløp og vassføring lågare enn minste slukeevne vert difor høvesvis 6 dagar og 1 dag for ei utbygging med regulering. Alminneleg lågvassføring ved inntaket er berekna til 14 l/s. 5-persentil verdien for sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 56 l/s og 3 l/s. Det er i søknaden føreslege slepp av minstevassføring lik alminneleg lågvassføring, men dette er seinare endre til dei utrekna sesongmessige lågvassføringsverdiane, nemnd ovanfor. Tilsiget frå restfeltet vil i gjennomsnitt bidra med 140 l/s ved kraftstasjonen.

Dersom det planlagde kraftverket i Støylselva vert realisert vil vassføringa i eit gjennomsnittleg år for ein stor del vere prega av slukeevna som er planlagt i kraftverket, samt den planlagde reguleringa av Langevatnet. Minstevassføringa vil i lange periodar vere den dominerande vassføringa i elva. Ein vil få færre periodar med flaumvassføring over året.

NVE meiner at den omsøkte slukeevna saman med regulering av Langevatnet vil ta i frå vassdraget størsteparten av den naturlege vassføringsdynamikken.

Biologisk mangfald

Terrestrisk miljø

Aurland Naturverkstad BA har gjort feltregistreringar av flora i influensområdet rundt Støylselva. Naturtypar, karplantar, mosar og lav er undersøkt. Etter tilleggskrav frå NVE har Bioreg AS gjennomført ei tilleggsundersøking av mosefloraen i området.

Det er registrert elvemosevegetasjon innanfor tiltaksområdet. Denne er sterkt truga (EN) på Vestlandet. I tilknytning til vegetasjonstypen er det også registrert vasshalemose (*Isohetecium holtii*) som er raudlista i kategori sårbar (VU).

Elvemosevegetasjon er ein i hovudsak permanent neddukka vegetasjon i ikkje-forsura vassførekomstar. Sårbarheit for surt vatn er i hovudsak årsak til at denne vegetasjonstypen, som følgje av sur nedbør, er sterk truga på Sørlandet og Vestlandet. Elvemosevegetasjon kan inngå i naturtypane *viktig bekkedrag* og *ikkje-forsura restområde*. I tiltaksområdet er det avgrensa eit område tilhøyrande sistnemnde naturtype. Denne er gjeve verdien *viktig* (B). Ofte er kulturpåverknaden i slik vegetasjon liten, men ein finn også at nokre typar elvmosesamfunn verkar å vere gunstig påverka av ei viss eutrofiering, slik det kan sjå ut til å vere tilfelle i Støylselva. Elvemosevegetasjon dominerast av éin eller få artar. I vestlege strøk er evjeelvmose ofte dominerande, som den også er i Støylselva. Klobekkmose dominerar i rasktrennane parti. Også bekkegråmose som er funne i Støylselva er ein typisk art på Vestlandet (Fremstad og Moen, 2001)¹.

Vegetasjonstypen er svært sårbar for forsuring. Kraftige reguleringsinngrep er også med på å truge elvmosen. Dersom vassføringa vert for låg forsvinn eller utarmast vegetasjonstypen. Norske førekomstar utgjer eit kjerneområde for vegetasjonstypen og saman med Sverige må Noreg seiast å ha eit internasjonalt ansvar for å ta vare på denne vegetasjonstypen (Fremstad og Moen, 2001).

Elvemosevegetasjon er ein vegetasjonstype direkte knytt til vassdraget. Den er utforma på bakgrunn av elva sin topografi og vassføring. Fråføring av vatn vil påverke vegetasjonstypen med tilhøyrande artar negativt. Bioreg AS verdiset nedre del av utbyggingsområdet til *middels* verdi og meiner den planlagde utbygginga vil vere av middels til stort negativt omfang. Dette gjev middels negativ verknad.

Den raudlista arten vasshalemose er funne innanfor det planlagde tiltaksområdet. Vasshalemose veks først og fremst i bekkekløfter ved små fossar, gjerne på berg med relativt stor helling. Den trivst best på næringsfattige og silikatrike bergartar. Den stiller elles krav om eit friskt og fuktig miljø, med kjølig mikroklima. Arten er sårbar for påverknad frå mellom anna vasstandsreguleringar, endring av elvelaup, eutrofiering, variasjon i vasstand og uttørring. Småkraftverk er trekt fram som eit særskilt trugsmål for arten. Vasshalemose har ikkje vanleg reproduksjon med sporofytt eller grokorn. Formeiring skjer utelukkande ved fragmentering. Dette er ein formeiringsmåte som gjev svært lita rekkevidde, og dermed liten sjanse til å endre vekseplass ved endringar i miljøet. Dette saman med arten sine krav til veksestad og stor avstand mellom kjende lokalitetar gjer at ein vurderer utbreiinga til arten som sterkt fragmentert (Artsdatabanken).

Som Småkraft påpeikar i sine kommentarar til tilleggsundersøkinga vart vasshalemose i raudlista 2010 nedgradert frå sterkt truga til sårbar. Dette gjorde at verdien av vegetasjonen ved Støylselva vart nedgradert frå stor til middels. I staden for å fokusere berre på den eine arten som står på raudlista, meiner NVE ein må sjå vegetasjonstypen elvemosevegetasjon som ein heilskap og prøve å gjere verknadane for denne minst mogleg, jf. også retningslinjer frå Olje- og energidepartementet.

Aurland Naturverkstad BA gjorde også undersøkingar i forhold til fugl og pattedyr i tiltaksområdet. Pattedyrfaunaen er antatt å vere alminneleg for regionen og det er ikkje registrert biotopar som er særskilt viktige for vilt i området kring Støylselva. Fuglefaunaen er lite kjend. Ein forventar, ut i frå mangfald av habitat, ein forholdsvis rik spurvefauna. Ein er ikkje kjend med at det er gjort ornitologisk registreringsarbeid i nærområdet. Det er ikkje påvist hekkande fossefall ved elva, men ein utelukkar ikkje at den kan vere der likevel. I fjellområda ovanfor tiltaksområdet er det kjent ein hekkelokalitet

¹ Fremstad, E. & Moen, A. (red.) 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. – NTNU Vitenskapsmuseet Rapp. bot. Ser. 2001-4: 1-231

for kongeørn. Tiltaksområdet vil ligge innanfor eit naturleg område for næringssøk i forhold til denne. Lirype, orrfugl og fjellrype førekjem i området.

Når det gjeld korleis prosjektet vil påverke det terrestre miljøet i området er det etter NVE si meining størst konflikt i samband med naturtypen ikkje-forsura restområde, som inneheld den sterkt truga vegetasjonstypen elvemosevegetasjon. Denne vegetasjonstypen inneheld den raudlista (VU) arten vasshalemose. NVE er einig med Fylkesmannen, fylkeskommunen og miljørapportane til Aurland miljøverkstad BA og Bioreg AS om at prosjektet slik det er skildra i søknaden vil komme i konflikt med verdiar knytt til biologisk mangfald ved at det vert store endringar i vassføringa i Støylselva, og dermed også livsvilkåra for artar som veks der. Vi er einige i uttalen frå Fylkesmannen og konklusjon i miljørapporten om at ei alternativ plassering av kraftstasjonen ovanfor dei registrerte moselokalitetane er mindre konfliktfylt. Dette vil medføre eit produksjonstap på 4,1 GWh.

Langevatnet skal etter planane regulerast med 1 m. Vegetasjon som er avhengig av vasstanden i vatnet vil bli påverka av dette. Utløpet frå Langevatnet er ganske trengt, og der vil difor kunne vere oppstuing av vatn. Ut i frå dette vurderer NVE at det naturleg vil vere ein relativt høg grad av variasjon i vasstand. Dette medfører at vegetasjonen rundt vatnet slik den er i dag har måtta tilpassa seg våte periodar, og dermed ikkje vil bli like mykje påverka av ei regulering, som rundt eit vatn med meir stabil vasstand. NVE meiner vegetasjonen til ei viss grad vil kunne bli påverka negativt av ei regulering av Langevatnet, men ut i frå miljørapportane vurderer vi at denne vegetasjonen ikkje er av spesiell verdifull utforming. Ei regulering vil derimot, slik NVE ser det kunne vere uheldig for elvemosevegetasjonen. I vekstsesongen som gjerne samanfell med periodar med låg vassføring i elva, vil ei regulering gjere at ein i denne perioden magasinerer vatn i Langevatnet. Det vil dermed gå minstevassføring i elva i lenger periodar enn det som er tilfellet i dag. Eit avbøtande tiltak kan her vere å unngå regulering i sommarsesongen. Dette er også i tråd med anbefaling frå Fylkesmannen.

NVE vil vise til OED sine retningslinjer for små vasskraftverk, der det står; *"tiltak som kommer i konflikt med arter som er "kritisk truet" eller "sterkt truet", eller naturtyper Norge har et internasjonalt ansvar for... kan ikke påregne å få konsesjon"*. Vidare står det *"tiltak som kommer i konflikt med biologisk mangfold av stor til middels verdi forøvrig må påregne pålegg om avbøtende tiltak som reduserer konflikten..."* Det er avgrensa ein naturtype, ikkje-forsura restområde, i tiltaksområde. Lokaliteten har fått verdien B og inneheld den sterkt truga (EN) vegetasjonstypen elvemosevegetasjon. Elvemosesamfunnet er artsrikt og inneheld vasshalemose som er raudlista i kategori sårbar (VU). Raudlisteartar i denne kategorien inngår i biologisk mangfald av middels til stor verdi. Miljørapporten til Bioreg AS vurderer verdien av biologisk mangfald i nedre del av influensområdet til å vere middels og konsekvensen er sett til middels negativ. Sidan det biologiske mangfaldet i elvemosevegetasjonen inngår i kategorien middels til stor verdi, må det påreknast avbøtande tiltak dersom konsesjon vert gjeve. Slik det er tilfelle her meiner NVE at dersom kraftstasjonen vert trekt oppom elvemoselokalitetane, til ca. kote 350, slik Fylkesmannen og miljørapporten peikar på, samt å unngå regulering av Langevatnet i vekstperioden, vil dette vere særskild eigna avbøtande tiltak sidan ein då unngår å fråføre vatn i elva på strekninga der elvemosevegetasjonen med vasshalemose veks. Vi syner også til departementet si avgjerd om endeleg avslag på konsesjonssøknad for Bondhus kraftverk i Kvinerad 30.03.2012. Ein viktig grunn for avslaget var at ei utbygging ville fråføre vatn på ei strekning med vasshalemose.

Det er ikkje registrert vasstilknytt fugl i området, men det er ikkje utelukka at fossefall kan leve der. Mindre vassføring på utbygd strekning vil gje mindre fossesprøyt, samt lågare lydnivå, som vil kunne gje dårlegare kamuflasje for reirplass til ev. fossefall. Anna fugl og vilt i området vil kunne bli påverka i anleggsperioden, med det resultat at dei skyr området. I driftsfasen vil denne verknaden opphøre og viltet returnere til området. NVE har difor ikkje tillagt dette særskilt vekt.

Akvatisk miljø

Det er noko aure i Støylselva, men Aurland naturverkstad kategoriserer denne som liten (110 g) og ikkje interessant i høve sportsfiske. I Langevatnet fins det aure opp til ein halv kilo. Her vert det fiska litt av grunneigarane. Det er naturlege gyteplassar i fleire mindre bekkar. Eit par av tilsigsbekkane i austenden peikar seg ut. Heller ikkje Fylkesmannen kjenner til fiskeinteresser i Støylseelva, og vurderer den aktuelle strekninga til å ha ingen eller marginal verdi som gyte- og oppvekstområde for fisk.

Ei regulering av Langevatnet vil kunne føre til endringar i innsjøarealet. Aurland naturverkstad meiner den planlagde regulering er så beskjedne at den truleg vil ha lite å seie for fisken i vatnet. Ein kan rekne med at ei heving av vasstand og medfølgjande større innsjøareal, den første tida vil føre til auka næringsgrunnlag for auren, som i hovudsak beitar på botndyr, og dermed gje ein oppsving i bestanden. Dette er ein effekt som vil avta etter kvart som dei nye vassdekte areala vert utvaska. På lang sikt ser ein ofte ein nedgang i aurebestandar i regulerte vatn. Fylkesmannen meiner at i dette tilfellet vil reguleringa vere så liten at næringstilgangen til fisk ikkje vil påverkast i større grad. Fylkesmannen meiner reguleringa kan vere negativt for gyteforholda i bekkane kring vatnet, samt at inntakskonstruksjonen vil sperre for ev. gyteområde i utløpselva. Fylkesmannen vurderer totalt sett at tiltaket ikkje vil vere i strid med fisk og fiskeinteresser. NVE ser at aurebestanden i Støylselva og Langevatnet er av avgrensa verdi og er einig med Fylkesmannen.

Med eit eventuelt kraftverk i Støylselva vil periodane med låg vassføring bli fleire og lenger. Miljøet i elva vil over tid vere prega av at det berre går minstevassføring i elva. Arealet i elva som er dekt med vatn vil bli mindre enn i dag. Dette vil vere avgjerande for produksjonen i elva. Dette gjeld både botndyrfauna og fisk. Produksjonsarealet vil gå ned, og dermed vil det bli produsert mindre biomasse fisk og botndyr i elva. NVE meiner tilstrekkeleg minstevassføring vil vere avgjerande for å oppretthalde noko habitat for fisk og botndyrfauna, og dermed også produksjon av noko biomasse.

Kraftverket er ikkje planlagt med omløpsventil. Strekninga i Støylselva som vert fråført vatn ved ei utbygging er relativt lang (1700 m). Ved eit eventuelt utfall av kraftstasjonen vil det difor ta lang tid før eit overløp ved inntaket når kraftstasjonen. Eit utfall vil føre til rask reduksjon av vasstand, og tørlegging av ein del areal. I periodar med full produksjon i kraftverket vil vassføringa nedstraums kraftverket kunne gå frå over 0,75 m³, som er omsøkt maksimal slukeevne til ei eventuell minstevassføring og eventuelt bidrag frå restfeltet. I slike tilfeller er det høgst sannsynleg at ein får stranding av fisk.

NVE legg til grunn Aurland naturverkstad sin miljørapport, som ikkje legg vekt på verdi av fisk i Støylselva i noko særleg omfang, og Fylkesmannen som seier elva har liten til ingen verdi som gyte- og oppvekstområde for aure. NVE finn ikkje at installasjon av omløpsventil vil gje fordelar som står i forhold til kostnadane. NVE vel difor å ikkje setje krav om dette. NVE meiner likevel at tilstrekkeleg minstevassføring vil vere avgjerande for å gjere skadane på fisk og botndyrfauna minst mogleg ved eit eventuelt utfall av kraftstasjonen. Dersom minstevassføringa er stor nok vil ein ha områder i elva, der det er søkk og kulpar, som også i slike situasjonar vert dekt med vatn. Dette vil kunne oppretthalde eit minimum av miljø for dei akvatiske organismane i den tida det tek før eit overløp ved inntaket når strekninga nedstraums kraftstasjonen, ved eit ev. utfall av denne. Ei minstevassføring vil også bidra til å oppretthalde ein viss produksjon av botndyr og sikre ev. gyte- og oppvekstområde for fisk på elvestrekninga som er utbygd.

Forholdet til naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova (nml) trådte i kraft den 1. juli 2009. Lova legg føringar for berekraftig bruk av norsk natur og fastset forvaltningsmål for artar, naturtypar og økosystem. For å oppfylle desse forvaltningsmåla er det i nml, også inkludert ei rekkje miljørettslege prinsipp. Døme på slike er krav om kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, og prinsipp om økosystemforvaltning og samla belastning. Alle offentlege avgjersler som er avgjerande for naturmangfaldet skal vurderast etter nml. I NVE si vurdering av Støylselva kraftverk legg vi til grunn bestemmingane i §§ 4 og 5, samt §§ 8-12, jf. lova sin § 7 om prinsipp for offentlege avgjersler.

Forvaltningsmål for naturtypar og økosystem § 4

Jf. naturmangfaldlova § 4 er målet at mangfaldet av naturtypar vert ivareteke innanfor deira naturlege utbreiingsområde og med det artsmangfaldet og dei økologiske prosessane som kjenneteiknar den einskilte naturtypen.

§ 52 i nml kapittel VI opnar for at det kan fastsetjast forskrift som gjev naturtypar status som utvald for å fremje målet i lova sin § 4. NVE vurderer vidare at trua og/eller sårbare vegetasjonstypar eller område som er kartlagt som utvalde naturtypar med verdi viktig (B) eller svært viktig (A) bør vektleggast sterkare enn trivielle vegetasjons- og naturtypar. I Støylselva er de registrert naturtypen ikkje-forsura restområde med verdi viktig (B). Denne naturtypen inneheld her vegetasjonstypen elvemosevegetasjon, som på Vestlandet er sterkt trua (EN). Ei utbygging vil difor etter vår meining, som skildra ovanfor, kunne komme i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem, dersom ikkje tilstrekkelege avbøtande tiltak vert sett i verk.

Forvaltningsmål for artar § 5

Jf. nml § 5 er det eit langsiktig mål at artar og deira genetiske mangfald skal takast vare på, og at artane førekjem i levedyktige populasjonar i sine naturlege utbreiingsområde. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet tek ein også vare på artane sine økologiske funksjonsområde og andre økologiske føresetnadar dei er avhengige av.

Naturmangfaldlova § 23 opnar for at det kan fastsetjast forskrift med artar som skal prioriterast for å fremje målet i lova sin § 5. NVE vurderer vidare at trua og/eller sårbare artar bør vektleggast sterkare enn trivielle artar med livskraftige populasjonar. Ingen av dei registrerte artane i influensområdet er blant artane som til no er fastsett som prioriterte artar. Det er funne éin raudlista art i vegetasjonen innanfor influensområdet. Vasshalemose er plassert i kategorien sårbar (VU) og er avhengig av det fuktige miljøet i og nær elvestrengen. Ein kan med stort sannsyn anta at vasshalemose vil bli negativt påverka av ei utbygging som gjer nytte av størstedelen av vatnet frå elva. Difor vil ei utbygging av Støylselva kraftverk, etter vår vurdering, kunne komme i konflikt med forvaltningsmålet for artar, dersom ikkje tilstrekkelege avbøtande tiltak vert sett i verk.

Kunnskapsgrunnlaget § 8

Av naturmangfaldlova § 8 første ledd les ein at avgjersler som påverkar naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg byggje på vitenskapleg kunnskap om artar sin bestandsituasjon, naturtypen sin utbreiing og økologiske tilstand, samt effekt av den aktuelle påverknaden. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Biologisk mangfald i influensområdet er kartlagt i ein eigen rapport som er utarbeidd av Aurland naturverkstad BA for Småkraft AS. Denne er i samsvar med dei krav som er fastsett av NVE for utarbeiding av rapportar for biologisk mangfald. I tillegg har Bioreg AS, etter innspel frå høyringspartar og NVE, gjort ei ekstra kartlegging av elvemosevegetasjon i vassdraget. Søknaden om Støylselva kraftverk er sendt på

alminneleg høyring til lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar. Det er føreteke søk i Naturbase og Artskart (23.07.2012). NVE har vore på synfaring i området saman med representantar for søkjar, Flora kommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag og grunneigarar. Etter NVE si vurdering er kunnskapsgrunnlaget i forhold til biologisk mangfald med dette tilstrekkjeleg, jf. nml § 8.

Føre-var-prinsippet § 9

Paragrafen skal sjåast i samanheng med vurdering av kunnskapsgrunnlaget, som er omtala ovanfor. For at ein skal gjere bruk av denne paragrafen er det ein føresetnad at det er ein reell risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet. NVE kan ikkje sjå at denne føresetnaden er oppfylt i denne saka.

Økosystemtilnærming og samla belastning § 10

§ 10 i naturmangfaldlova seier at påverknad på eit økosystem skal vurderast ut i frå den samla belastninga som økosystemet er, eller vil bli utsett for. Ut i frå dette prinsippet må ein i tillegg til det aktuelle prosjektet også ha kunnskap om andre tiltak og påverknad på det aktuelle økosystemet, jf § 8 om kunnskapsgrunnlaget. Berre slik kan ein identifisere den samla belastninga. I vår vurdering av samla belastning i Støylselva skal vi ta omsyn til inngrepsstatus i dag og inngrep som er venta i framtida. Våre vurderingar i forhold til dette er presentert nedanfor, under temaet "Samla belastning".

Kostnadane ved reduserte miljøverdiar skal berast av tiltakshavar § 11

Jf. naturmangfaldlova § 11 skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket forårsakar, dersom dette ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter. Ved ein ev. konsesjon for Støylselva kraftverk vert det gjeve eit sett vilkår som skal ivareta dette prinsippet.

Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar § 12

Paragrafen gjeld val av driftsmetodar, teknikk eller lokalisering "for å unngå eller begrense skader" på naturmangfaldet. NVE ser i si vurdering på moglege tiltak for å unngå eller avgrense negative konsekvensar for naturmangfaldet ved ei utbygging. For Støylselva kraftverk har spesielt plassering av kraftstasjonen vore viktig i vår vurdering. Ved å følgje innspel både frå biologar som utarbeidde miljørapportane, Fylkesmannen og andre høyringspartar og flytte kraftstasjonen ovanfor elvemoselokalitane, meiner NVE at ein reduserer skader på elvemoselvegetasjonen og det biologiske mangfaldet knytt til denne. Samtidig vurderer NVE at tap av desse høgdemeterane ikkje vil vere avgjerande for prosjektet sjølv om produksjonen relativt sett vert mykje redusert.

Landskap

Landskapet i influensområdet til det omsøkte Støylselva kraftverk kan delast opp i to landskapsrom. Eitt område omfattar området ved inntaksdammen og landskapet rundt Langevatnet. Det andre omfattar landskapsrommet kring elvestrengen frå inntak til avløp. Tiltaket vil redusere INON-areal i sone 2 med om lag 1,03 km². Ingen sone 1 områder eller villmarksprega områder vert råka av tiltaket.

Området der inntaket og dammen er planlagt ligg relativt urørt av menneske. I utløpet frå Langevatnet, der ein planlegg å byggje dammen ligg restar etter ein gammal dam. Denne stammar frå tidlegare kvern- og kraftverksdrift i Støylselva. Ved Langevatnet ligg det ei hytte, eit sel og ei båtbu.

Landskapet er ope og oversiktleg, og ein betongdam vil vere godt synleg. Dammen vil bli 6-7 m lang og 1,5 m høg og er såleis ikkje eit veldig stort byggverk. Det er planlagt permanent skogsveg heilt opp til inntaket. Dette vil etter NVE si vurdering vere eit stort inngrep og redusere landsskapsverdien av

området betrakteleg. Ved å tilbakeføre vegen, på den siste strekninga opp mot inntaket, til køyresterkt terreng, vil ein etter vår meining redusere konflikten med landskapsverdiar svært mykje. Ei regulering av Langevatnet vil sannsynlegvis vere framtreddande i landskapsrommet, spesielt gjeld dette ei eventuell senking av vasstand som vil synleggjere område frie for vegetasjon. Ei synleg reguleringssone vil etter NVE si meining vere mest skjemmaende i sommarhalvåret når marka er fri for snø. Ved, som Fylkesmannen foreslår, å unngå regulering i sommarsesongen kan ein på ein god måte avbøte mykje av den negative konsekvensen for Langevatnet som landskapselement. NVE vurderer at dei tekniske inngrepa vil redusere landskapsverdien til området noko, men at dam og inntak likevel vil vere såpass avgrensa at dette er akseptabelt så lenge inngrep i dette opne landskapet vert via særskilt merksemd i detaljplanprosessen. Dette kan NVE sjå til at vert gjort i medhald av standardvilkår ved ein ev. konsesjon.

Frå inntaket til kraftstasjonen vil vassvegen gå i nedgrave røyr. Her vil ein få inngrep i landskapet som følgje av røyrgate, veg og fråføring av vatn frå Støylselva. Støylselva er nedskoren i landskapet og omgjeven av skog og er dermed lite synleg og gjer lite ut av seg i landskapet. Den øvste delen av elva renn gjennom glissen bjørkeskog, medan vegetasjonen nedover skiftar til tette granfelt, beiteområde og noko innmark. Nedgraving av røyr og etablering av veg er inngrep som syner svært godt i skogsterreng, og vil i anleggsperiode og tidleg driftsperiode framstå som markerte sår i landskapet. Flora kommune framhevar dette som større landskapsinngrep enn fråføringa av vatn frå Støylselva. Etter kvart vil vegetasjonen igjen ta over og inngrepa vert mindre synlege. NVE vurderer at inngrepa knytt til veg og nedgraven røyrgate vil redusere landskapsverdien til området. Dette gjeld spesielt den første tida etter utbygging. Revegetering med stadeigen masse vil framskynde etablering av ny vegetasjon. Dette saman med planmessig uttak av skog i røyrgate meiner NVE vil gjere at sår i landskapet minkar og blir mindre framtreddande med tida når vegetasjonen har fått tid til å etablere seg på nytt.

Som nemnt ovanfor peikar Flora kommune på at det i denne saka ikkje er fråføring av vatn frå elveløpet, men terrenginngrep knytt til røyrgate og veg som vert mest skjemmaende for landskapsbiletet. Sidan elva ligg skjult i terrenget og for det meste i tett skog er den ikkje synleg før ein kjem tett innpå den. Elvestrekninga inneheld nokre visuelt fine fossar og stryk, som vil få fråført store delar av vassføringa og dermed verte redusert som landskapselement, men desse fossane er ikkje synlege på avstand og utgjer etter NVE si vurdering, difor heller ikkje i dag noko særskilt viktig element i landskapet og med ei viss minstevassføring vil ei utbygging etter vår meining ikkje ha avgjerande negativ verknad knytt til at fossane får mindre vassføring.

NVE vurderer at ei utbygging av Støylselva kraftverk vil redusere landskapsverdiar knytt til først og fremst ei regulering av Langevatnet, samt etablering av røyrgate og veg. Avbøtande tiltak som at reguleringa vert avgrensa til vintersesongen, at ein tilbakefører øvste del av inntaksvegen til køyresterkt terreng, og skånsamt anleggsarbeid med fokus på revegetering av stadeigne artar, vil minske dei negative konsekvensane tiltaket har på landskapsverdiar i området. Tap av INON-område er uheldig, men NVE vurderer at konsekvensane for det omsøkte prosjektet er relativt små, ved at det utelukkande er INON-sone 2 som vert påverka og dette er difor ikkje tillagt avgjerande vekt.

Brukarinteresser

I fylkesdelplan for arealbruk er tiltaksområdet registrert som viktig friluftsområde. Sogn og Fjordane Turlag gjer i sine uttalar grundig greie for friluftinteresser i området. Tiltaksområdet er nytta som utgangspunkt for kortare og lenger turar både sommar og vinter. Om vinteren er det turar i området som inneber kryssing av Langevatnet på ski. Området kring Humlestølen er godt tilrettelagt for aktivitet med mellom anna oppkøyde skiløyper om vinteren. Det vert også gått turar oppover til

Langevatnet både sommar og vinter. Sommarstien går langs elva. Eit viktig turmål om vinteren er Endestadnipa. Denne turen er fast på Flora Turlag sitt program og inneber mellom anna kryssing på isen over Langevatnet. I tillegg til at ei regulering vil føre til ei skjemmande reguleringssone i landskapet er turlaget bekymra for overvatn og is som losnar langs strendene og vil gjere det vanskeleg å ferdist med ski over Langevatnet om vinteren/våren.

Sommarstien langs Støylselva vil miste noko av opplevingsverdien frå ei naturleg elv, ved at det vil renne betrakteleg mindre vatn i elva enn det gjer i dag. NVE meiner likevel at verknaden kan avbøtast noko ved at Langevatnet ikkje vert regulert i sommarsesongen og ein dermed unngår magasinering. Ei tilstrekkjeleg minstevassføring vil også vere viktig for at tiltaket skal vere akseptabelt ut i frå friluftsinteresser.

Tiltaket sin verknad på friluftsinteresser knytt til Langevatnet vil i sommarhalvåret vere avgrensa til inngrep knytt til dam og inntak. Ved å unngå regulering i sommarhalvåret, samt veg som køyresterkt terreng opp mot inntaket, vil dette landskapsrommet ligge relativt urørt for turgåarar som kjem forbi. Om vinteren vil ein, som Sogn og Fjordane Turlag skriv, kunne få ein viss påverknad av isforholda på Langevatnet, som følgje av ei regulering. NVE vurderer likevel at ei avgrensa regulering på 1 m ikkje vil utgjere store endringar i forhold til dei naturlege vassstandsvariasjonane i vatnet.

Kulturminne

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet, men området er vurdert til å ha eit potensiale for funn av slike, jf uttale frå fylkeskommunen. Ut i frå dette potensialet stiller fylkeskommunen krav om at tiltakshavar ved ein ev. konsesjon må gjennomføre arkeologisk undersøking i område jf. undersøkingsplikt i lov om kulturminne § 9.

Av kulturminne knytt til nyare tids bruk av området ligg det mellom anna eitt sel, ei hytte og eitt naust ved Langevatnet. Langs Støylselva finn ein kulturminne som tydeleg vitnar om tidlegare tidars utnytting av vasskraft i elva. Dette gjeld restar etter to gardskraftverk, samt 7-8 kvernhus. Eitt av kvernhusa framstår som i god stand. I utløpet frå Langevatnet er det restar etter ein gammal terskel, som var nytta for å gje nok vatn til kverndrifta. Fylkeskommunen viser til at desse kulturminna er viktige element i landskapet kring vassdraget og er knytt til vassføringa i elva.

NVE vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje vil påverke kjende freda kulturminne, men minner om fylkeskommunen sitt krav til arkeologisk undersøking. Nyare tids kulturminne vil kunne bli påverka ved at ein misser noko av heilskapen i vassdragsnaturen når elva får fråført vatn. Vi meiner dette i noko grad kan avbøtast med tilstrekkjeleg minstevassføring.

Landbruk

I Flora kommune har ein eit variert landbruk, og også i influensområdet til det omsøkte tiltaket finn ein jordbruksaktivitet. Det midtarste partiet av elvestrekninga renn ved dyrka mark på Humlestøl. Her er både fulldyrka mark og beiteområde for husdyr. Det er også fleire plantefelt av gran i området. Det omsøkte tiltaket vil føre til hogst av ei gate på ca. 30 m gjennom skogen. Ein del av denne skogen vil vere i ein alder som ikkje er optimal for hogst, og såleis gje mindre avkastning enn om den hadde vore hogd på eit seinare tidspunkt. Deler av røyrkata vil gå over dyrka mark og i søknaden vert det framheva som positivt at ein med nedgraving av røyr og påfølgjande arrondering vil få eit jamnare terreng som gjev betre forhold for moderne gardsdrift. For grunneigarane som har inngått avtale med Småkraft vil Støylselva kraftverk kunne føre til auka inntekter til gardane, noko som er positivt for å oppretthalde landbruket og kulturlandskapet. NVE vurderer at det omsøkte tiltaket samla sett vil ha liten påverknad på landbruket i området.

Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Vatnet frå Støylselva vert nytta som drikkevatt for garden på Humlestøl. Grunneigar og Småkraft AS har ein avtale om at denne drikkevasskjelda skal erstattast ved ein ev. konsesjon. NVE vurderer at eventuelle utfordringar knytt til vassforsyning vert ivareteke gjennom denne avtalen.

Økonomiske samfunnsverknader

Tiltaket vil kunne gje fornybar energi til om lag 400 husstandar. I utbyggingsfasen vil det kunne gje positive ringverknader for lokalt næringsliv i samband med auka sysselsetting. For kommunen vil det bli ei lita auke i skatteinntekter. NVE vurderer difor konsekvensen av tiltaket å vere litt positiv.

Konsekvensar av kraftlinjer

Det planlagde kraftverket skal koplast på eksisterande nett via jordkabel. Denne vert om lag 500 m lang. Tilknytingspunktet er ikkje avklara, då det må gjerast oppgradering av nettet før tilkopling av Støylselva kraftverk vert aktuelt. Jordkabelen vil uansett gå over dyrka mark eller skog og det vil verte grave ei grøft gjennom landskapet, med ev. fjerning av skog. Kabelen må krysse Storelva på ein stad. NVE vurderer dette som eit relativt lite inngrep, som vil verte mindre synleg etter som vegetasjonen etablerer seg igjen. Vi meiner difor at konsekvensen av nye kraftlinjer er liten.

Samla belastning

Sjølv om eit enkelt utbyggingsprosjekt ser ut til å ha relativt avgrensa negative konsekvensar for miljø og andre allmenne og private interesser, kan dei samla effektane frå mange slike prosjekt få store konsekvensar. I konsesjonsbehandling av småkraftverk må NVE vurdere den samla belastninga av vasskraftutbygging i eit geografisk avgrensa område. Dette kjem fram i forarbeida til vassressurslova i Ot. pr. nr 39 (1998-1999), side 343 og OED sine retningslinjer for små vasskraftverk (juni 2007), samt naturmangfaldlova § 10 "Økosystemtilnærming og samlet belastning".

I Flora kommune er det bygd nokre kraftverk og ei rekkje prosjekt er under planlegging og bygging. Nærast det planlagde Støylseelva kraftverk ligg dei tre konsesjonssøkte kraftverka Øvre- og Midtre Agledal kraftverk og Langedal kraftverk, alle planlagde i Agledalselva vel 3,5 km sør-vest for Støylselva. Desse tre planlagde kraftverka er ikkje del av same landskapsrom som Støylselva. NVE kan ikkje sjå at Støylselva kraftverk vil komme i konflikt med eksisterande eller omsøkte prosjekt. Sidan det ligg inne fleire søknadar om utbygging i Flora, kan ein seie at vassdragsnaturen i kommunen er under eit visst press og ein lyt vise ekstra varsemd dersom det skal gjevast løyve til nye kraftverk.

I vurderinga vår har vi merka oss at ingen av høyringsinstansane har peika på at samla belastning vil vere eit problem i denne saka. Dersom det vert teke omsyn, som å flytte kraftstasjonen oppom det verdifulle elvemosesamfunnet, unngå regulering av Langevatnet i sommarsesongen og unngå varig veg heile vegen til inntaket, vil verknadane etter vårt syn ikkje strekkje seg utover influensområdet for dette kraftverket.

Vi vil elles legge til at NVE no har teke alle resterande kjende småkraftsøknader i Flora kommune til handsaming. Slik vil vi kunne fange opp om det er nokre av desse som vil gje ei belastning som går ut over verknadane for det einskilte prosjekt. I denne saka finn vi likevel som nemnt at det er forsvarleg å fatte eit vedtak utan at dette har nemnande konsekvensar ut over Støylselva sitt område.

Oppsummering

Ei utbygging etter omsøkt plan vil gje om lag 8,4 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er ein produksjon som er vanleg for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentleg bidrag til

fornybar energiproduksjon, så utgjør småkraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare år. Dei to siste åra har NVE klarerte om lag 1,3 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. NVE meiner at så lenge desse interessene ikkje er av svært stor verdi eller dersom dei kan avbøtast i tilstrekkeleg grad gjennom vilkår, så kan tiltaket få konsesjon. Dei konsesjonsgitte tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og på fornybar energi.

Tiltaket vil gje varige inntekter til tiltakshavar, grunneigarar og kommunen. Dei største ulempene ved tiltaket er etter NVE sitt syn fråføring av vatn i eit elveløp som går gjennom sterkt truga elvemosevegetasjon som inneheld den raudlista arten vasshalemose. For landskapet vil ein få store og synlege inngrep som følgje av veg og røyrgate. Også ei regulering av Langevatnet vil påverke landskapet. Området er mykje nytta til friluftsliv og tap av landskapskvalitetar samt mogleg usikker is på Langevatnet i skisesongen kan vere med på å redusere området sin verdi som turmål. NVE meiner at dei fysiske inngrepa knytt til røyrgate og veg vil vere store i starten. Etter kvart vil vegetasjonen etablere seg på nytt og verknaden på landskapet vil verte stadig mindre. For at dette skal gå raskast mogleg er det viktig at inngrepa vert gjort så skånsomt som mogleg og at revegetering skjer med stadeigen vegetasjon.

NVE meiner at det må gjennomførast avbøtande tiltak dersom Støylselva kraftverk skal få konsesjon. Ved å flytte kraftstasjonen til kote 350 kjem ein ovanfor elvemosevegetasjonen og unngår dermed å fråføre vatn frå denne. Dette vil redusere produksjonen med om lag 4,1 GWh. NVE finn ikkje ein slik reduksjon avgjerande. Ved å unngå regulering av Langevatnet i sommarsesongen unngår ein magasinering i tørre periodar og sikrar at vassføringa i elva ved dei verdifulle moselokalitettane ikkje vert endra frå slik situasjonen er i dag. Ved å sleppe tilstrekkeleg minstevassføring gjennom heile året vil ein til ei viss grad kunne oppretthalde tilhøva for fuktkrevjande artar i og nær elva, samt eventuell fisk- og botndyrfauna i elva. Ved å tilbakeføre vegen ovanfor skoggrensa til køyresterkt terreng vil ein avbøte mykje av landskapspåverknaden knytt til Langevatnet.

NVE meiner at med dei ovanfor nemnde avbøtande tiltaka vil ulempene for biologisk mangfald, landskap og friluftsliv ved ein konsesjon bli akseptable.

NVEs konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei føreliggande uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Småkraft AS løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Støylselva kraftverk med utløp på ca. kote 350 og regulering av Langevatnet med 1 m delar av året. Løvet blir gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Oreigning av rettar

NVE fører ein streng praksis når det gjeld å gje samtykke til oreigning ved bygging av små kraftverk. Grunngevinga for dette ligg i kravet om interesseovervekt, og det vil då vere samfunnsnytte som vert lagt til grunn. Den private interessa vert tillagt lita vekt, og det vil difor vere mogleg å få eit avvikande resultat i avveging av konsekvensar etter vassressurslova og oreigningslova. Dette fordi også fordelene for private interesser vil inngå i ei vurdering etter vassressurslova. For små kraftverk vil samfunnsnyttan i dei fleste tilfelle ikkje vere så stor at det gjev NVE grunnlag for å gje samtykke til oreigning i stort omfang. Sjølv om det frå politisk hald er ei målsetting å styrke satsinga på bygging av små kraftverk innafor rammer som også er akseptable for miljøinteresser, ikkje minst som eit bidrag til å styrke lokal næringsutvikling, er NVE av den oppfatning at dette må forståast slik at det gjeld rettar

som grunneigarar allereie sit på eller som det er oppnådd råderett til gjennom avtale. Etter vårt syn er det ikkje intensjonen at ein i stort omfang skal kunne oreigne seg fram til å nytte andre sine rettar som desse kanskje sjølv ønskjer å utnytte på eit seinare tidspunkt, eller som dei av andre årsaker ikkje ønskjer skal oreignast. Støylselva kraftverk er planlagt som eit småkraftverk med installert effekt på 2,1 MW og vil gje ein produksjon på 8,4 GWh, der om lag 1,2 GWh vert vunne frå den planlagde reguleringa av Langevatnet. For å kunne gje samtykke til oreigning må tiltaket utvilsamt vere til større samfunnsmessig nytte enn skade, jf. oreigningslova, § 2, siste ledd. Vi kan ikkje sjå at dette kravet er oppfylt i denne saka. Nytteverdien her er enda mindre med ei redusert utbygging slik som NVE har gjeve løyve til etter vassressurslova.

NVE gjev ikkje samtykke til oreigning av grunneigarane sine rettar knytt til Langevatnet for gjennomføring av tiltaket, då kravet om at inngrepet tvillaust er til meir nytte enn skade etter vårt syn ikkje er oppfylt. Ei utbygging som inkluderar regulering av Langevatnet vil vere avhengig av at partane oppnår ein minneleg avtale.

Forholdet til energilova

Småkraft AS har framlagt planar om installasjon av elektrisk høgspontanlegg som inneber ca. 500 m 22 kV jordkabel til eksisterande linjenett.

Verknadene av linjetilknyttinga inngår i NVE si totalvurdering av planane, og er ikkje avgjerande for konsesjonsvedtaket.

Sogn og Fjordane Energi er områdekonsesjonær og skal i følge søknaden stå for bygging og drift av anlegget. Vi finn det ikkje nødvendig med ein egen anleggsconsesjon etter energilova for høgspenntilknytting til 22 kV nett. Nødvendige høgspontanlegg, inkludert transformering, kan byggast i medhald av nettselskapet sin områdeconsesjon.

Sogn og Fjordane Energi har som netteigar og områdekonsesjonær kommentert linjetilknyttinga og påpeikt at det per i dag ikkje er kapasitet for innmating av Støylselva kraftverk. Det vert sett på fleire alternativ for å gjere dette mogleg.

NVE har ikkje gjort ei grundig vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknytting er på plass før byggjeart. NVE vil ikkje behandle detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklart. Slik dokumentasjon må føreligge samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning, jf. konsesjonsvilkåra post 4.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Reguleringsgrenser og slepp av vatn

Følgjande reguleringsgrenser ligg til grunn for konsesjon gjeve av NVE:

Normalvasstand	moh	541
Høgaste tillatne reguleringsgrense (LRV)	moh	541,5
Lågast tillatne reguleringsgrense (LRV)	moh	540,5

I sommarsesongen (01.05-30.09) skal det ikkje skje regulering av Langevatnet. I denne perioden skal vasstanden haldast på HRV. Dersom det skulle oppstå konflikt mellom å få fylt opp magasinet til 01.05 og samtidig overhalde minstevasstørrelseskravet, skal minstevasstørrelse/vasstand prioriterast. Kraftverket skal i slike situasjonar ikkje vere i drift.

Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevasstørrelse som vert fastsett, og magasinet er på lågast tillatne vasstand, skal heile tilsiget sleppast forbi. Kraftverket skal i slike situasjonar ikkje vere i drift.

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevasstørrelse:

Middelvasstørrelse	l/s	370
Alminneleg lågvasstørrelse	l/s	14
5-persentil sommar	l/s	56
5-persentil vinter	l/s	3
Største slukeevne	l/s	750
Største slukeevne i % av middelvasstørrelse	%	203
Minste slukeevne	l/s	40

I opphavleg konsesjonssøknad foreslår tiltakshavar å sleppe minstevasstørrelse lik alminneleg lågvasstørrelse på 14 l/ heile året. Etter innspel frå høyringspartar har tiltakshavar i sine kommentarar til høyringsuttalane valt å endre dette til å gjelde sesongmessige lågvasstørrelser på høvesvis 56 og 3 l/s for sommar og vinter. Dei oppgjev at dette vil gje eit produksjonstap på 0,85 GWh.

Fylkesmannen og Sogn og Fjordane Turlag meiner at minstevasstørrelse lik 5-persentilverdiar for sommar og vinter er meir i tråd med miljøbasert vassføring enn det først foreslegne alternativet med alminneleg lågvasstørrelse. Fylkeskommunen er opptekne av at det må vere nok vatn i elva til at vasstilknytte kulturminne som kvernhus kjem til sin rett.

Ei tilstrekkeleg minstevasstørrelse er viktig for å oppretthalde ein viss produksjon i elva. Spesielt i sommarsesongen er planter knytt til elvestrengen avhengige av eit stabilt fuktig miljø. Botndyr og ev. fisk vil vere avhengig av nok vatn heile året. Alminneleg lågvasstørrelse er eit mål på kor lite vatn det kan gå i elva naturleg. Med eit kraftverk i vassdraget aukar tida der det i elva ikkje vil gå anna enn alminneleg lågvasstørrelse i elva, dersom dette er kravet til minstevasstørrelse. Dette vil vere uheldig for både plantar og dyr, og NVE meiner det ikkje vil vere forsvarleg for miljøverdiar å leggje seg på eit så

lågt nivå. Ei minstevassføring i storleiksorden med lågvassføringar gjennom sesongen vil etter vår vurdering vere meir riktig både med tanke på flora, fauna og vasstilknytte kulturminne. Ei større vassføring sommarstid vil også redusere den negative verknaden på friluftslivsinteresser knytt til Støylselva. For opplevinga av ei levande elv langs sommarstien opp til Langevatnet er det avgjerande at elva ikkje går heilt tørr. Det er naturleg å differensiere mellom sommar og vinter på bakgrunn av at fuktkevjande vegetasjon i mykje større grad er avhengige av vatnet i vestsesongen enn om vinteren. Ved samanlikning av 5-persentilverdien for vintervassføring som er oppgjeve i Småkraft sine kommentarar til høyringsuttalane og programmet LAVVANN finn vi det sannsynleg at denne verdien er noko høgare enn 3 l/s.

Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 50 l/s i tida 01.5-30.09 og 10 l/s resten av året. I forhold til slepp av alminneleg lågvassføring vil dette gje ein redusert produksjon på 0,45 GWh/år, basert på tal frå søkjar. Samla produksjon vil då bli på 3,35 GWh/år. Etter vårt syn er ikkje denne reduksjonen avgjerande for økonomien i prosjektet.

Det skal etablerast ein måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggjast fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemmingar kring slepp av vatn som er lett synleg for allmennheita. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Vi viser til våre merknadar ovanfor, under avsnittet forholdet til energilova. NVE vil ikkje godkjenne planane før det er dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklara, jf. våre merknadar ovanfor, under avsnittet "Forholdet til energiloven".

NVE har gitt konsesjon med følgjande føresetnader:

Inntak (kote)	541 moh
Kraftstasjon (kote)	350 moh. Eksakt plassering kan avklarast i detaljplan, men utløpet skal vere ovanfor elvemosevegetasjonen
Største slukeevne	750 l/s
Minste slukeevne	40 l/s
Vassveg	Heilt nedgrave
Veg	Køyresterkt terreng frå ca. kote 525. Elles permanent skogsveg.

Mindre endringar kan godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dette inkluderer også slukeevne. Vi legg til grunn at eksakt storleik på installert effekt vert endra som følge av at anlegget får ein vesentleg lågare fallhøgde, og at denne vert gjort reie for ved innsending av detaljplanar. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med konsesjon og/eller planar godkjent av NVE, inkludert også planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett på elsertifikat. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Detaljerte planar skal leggjast fram for NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Av omsyn til landskap og friluftsinnteresser øvste del av vegen mot inntaket tilbakeførast til køyrestærkt terreng etter anleggsperioden. Dette gjeld den delen av vegen som ligg ovanfor om lag kote 525, og som er synleg frå inntaksområdet.

Røyrsgata skal gravast ned på heile strekninga dersom NVE ikkje godkjenner anna av omsyn til miljøverdiar.

Vi viser også til merknadane til vilkåra i post 6 nedanfor, om kulturminne.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterlegare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknader av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

Merknadane frå fylkeskommunen kjem inn under dette vilkåret. NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varslings av aktuelle instansar dersom ein støyter på kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminneloven § 8 (jf. pkt.3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Andre merknadar

Det vert i dette vedtake gjeve eit løyve til å regulere Langevatnet mellom kote 540,5 og kote 541,5 i perioden 01.10-30.04. NVE gjev ikkje samtykke til oreigning av desse rettane. Skal denne reguleringa nyttast må Småkraft komme til einigheit med grunneigarane.

”Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker” gjev saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggjesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med arealdel i kommuneplan eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Det er søkt etter ureiningslova om løyve til å gjennomføre tiltaket. Det må søkjast Fylkesmannen om nødvendig avklaring etter ureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje myndigheit til å gje vilkår etter ureiningslova.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonshandsaming hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 vedrørande ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, herunder DN/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det berørte vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at føremålet med

inngrepet i form av fornybar energiproduksjon ikkje med rimelegheit kan oppnåast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnader er vurdert.